



Distriktslege Endre Haugen

Med bakgrunn ein artikkel om doktor Haugen i magasinet Hardangerfjord legg vi opp til ein serie innlegg om den kjende og kjære distriktslegen i Kvinnherad frå perioden 1934 – 1966. Han dreiv privat praksis til han var 83 år.

Dersom du har minner og gode historier frå møte med Haugen, er vi takksame om du deler dei med uskedalen.no.

Endre Haugen er omtala som ein dyktig lege, arbeidssam, pliktoppfyllande, som aldri sa nei når nokon hadde bruk for han. Det er mange «herme» etter dr. Haugen, sikkert og mange frå legevisittane hans i Uskedalen. Aktuelle tema kan vera:

- Haugen og helsekontrollane på skulen og Haugen som fødselslege
- Utekontoret i huset til Fredsy og Bjarne Myklebust
- Bilane hans og framkomsten
- Haugen og arbeidet hans i krigsåra
- Natur- og fuglevenen
- Dr. Haugenes hostesaft

Hiv deg rundt og send oss nokre tankar og artige minne frå møte med dr. Haugen.



Noko av utstyret dr. Haugen nytta

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003
Nett: Thor Inge Døssland